

12 spørsmål om danning av ei ny kommune

1) Kvifor skal det opprettast nye, større kommunar i Norge?

Stortinget og regjeringa ønskjer å redusere talet på kommuner i Norge. Dette skal gjerast for å sikre betre tenester og større kompetanse i alle kommuner. I Norge er ca 60 % av alle offentlege tenester kommunale, og dette er svært høgt samanlikna med andre land. Utviklinga går i retning av at kommunene får endå fleire og komplekse oppgåver. Då er det nødvendig å bygge opp gode og solide fagmiljø.

2) Kan Skodje kommune klare seg som sjølvstendig kommune?

Skodje kommune har, med sine i underkant 4.500 innbyggjarar, eit tenestetilbod, økonomi og kompetanse som er svært sårbart for endringar og uføresette hendingar.

Samarbeid mellom kommunar har vorte meir og meir vanleg og naudsynt ettersom oppgåvene som skal løysast har auka i omfang og kompleksitet. Manglande kompetanse og kapasitet har vore styrande for prosessane i etablering av ulike former for samarbeid.

Skodje kommune er med i om lag 40 større og mindre interkommunale samarbeid for å sikre innbyggjarane gode nok tenester. Interkommunale samarbeid har ikkje så god demokratisk styring som tenester kommunen sjølv står ansvarleg for. Det er ikkje eit mål i seg sjølv at slikt samarbeid skal opphøyre, det vil alltid vere rom for saker og områder der samarbeid er avgjerande for god samfunnsutvikling. Basisoppgåvene bør kommunen mest mogleg handtere innan eigen organisasjon. Oppretting av ei ny, større kommune vil redusere (og kanskje ta vekk) behovet for tenestesamarbeid mellom kommunar.

3) Kva utgreiingar deltek Skodje kommune i?

Skodje kommune deltek i to utgreiingsprosessar for ny kommune: Regionkommune Sunnmøre og Landkommune.

Kommunene som deltek i utgreiinga av regionkommunealternativet er Giske, Haram, Hareid, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Ørskog og Ålesund.

Kommunene som deltek i utgreiinga av landkommunealternativet er Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Vestnes og Ørskog. Haram var også med, men vedtok i kommunestyret at Haram ikkje skulle halde fram med denne utgreiingsprosessen.

Prosessane skal munne ut i to utgreiingsrapportar som skal vere utgangspunkt for kommunestyret sitt vidare arbeid med kommunereforma hausten 2015 og våren 2016

4) Kvifor er prosessen så rask?

Frå den lokale politiske debatten starta i 2014 til ei ny kommune eventuelt er etablert tek det om lag fem år. Det kan vere ulike oppfatningar om det er raskt eller ikkje .

Av omsyn til utgreiingsarbeidet, dei tilsette og kommunen sine innbyggjarar bør det vere en viss progresjon i prosessen. Ikkje minst fordi innbyggjarane og dei tilsette i kommunen då får kortast tid i uvisse frå gamal til ny kommune. Ei kommune treng handlingsrom økonomisk og ressursmessig. Om ventetida blir for lang vil mange prosessar stoppe opp og investeringar bli lagt på vent.

5) Kven avgjer om det blir ei ny kommune?

Formelt er det Kongen i statsråd (regjeringa) som tek avgjersla om danning av nye kommunar ettersom inndelinga av Norge kjem fram som forskrifter, ei for kvar kommune.

For å endre kommunegrensene kan kommunene også sjølv ta eit initiativ. Då er det kommunestyra i dei aktuelle kommunene som saman skriv søknad og sender den til Fylkesmannen og departementet, som sørger for behandling i Kongen i statsråd.

6) Når er ei ny kommune etablert?

Ei ny kommune kan vere etablert frå eitt til to år etter at Kongen i statsråd har gjort sitt vedtak. Prosessen fram til ny kommune følgjer klare lover. Danning av ei ny kommune skal i hovudsak skje frå 1.januar. Det vert i dag vurdert som sannsynleg at ei ny kommune er etablert med verknad frå og med 1. januar 2020.

7) Kva skjer med eigedelane til kommunen?

Alle eigedelane til kommunen blir med over i ei ny kommune.

8) Korleis blir tenestene i ei ny kommune?

Det er ein føresetnad at tenestene i ei ny kommune blir minst like gode som i den gamle. Heile kommunereformen bygg på føresetnaden om å levere betre tenester til innbyggjarane og samstundes ha betre kompetanse i dei spesialiserte fagmiljøa.

9) Kan delar av kommunen laussrive seg eller krevje at dei blir ein del av ein annan kommune?

Dersom særskilte grunnar tilsei det, eller det er nasjonale føringer om å gjere grenseområde som i dag er delt på to eller fleire kommuner til eitt, kan ein kommune splittast opp. Ved ei endring av kommunestruktur er det naturleg å sjå på om det fins område som bør grensejusterast. Enkeltområde kan ikkje på eige, fritt grunnlag lausrive seg eller krevje seg lausrive frå kommuneheilskapen. Kommunestyret er det øvste organet i kommunen, og dei er vald med mynde til å gjere også dette arbeidet. Til slutt fastsett staten dei endelege kommunegrensene.

10) Korleis blir demokratiet? Blir det større avstand til politikarane?

Eit av måla med å gjennomføre ei kommunereform, er å styrke demokratiet. Avstanden mellom dei som styrer og dei som skal styrast kan vere for tett, noko som ofte fører til habilitetsproblem. Å prioriere ut frå overordna synspunkt og ideologi er vanskelegare når den som skal ta avgjerd er nær den som avgjerda gjeld. Særleg i små kommuner kan det til tider vere for liten avstand. Det vil vere eit mål i den nye kommunen å ha gode nærdemokratiske system og ordningar som sikrar at alle i ein større kommune får høve til å engasjere seg og god demokratisk medverknad.

11) Kva nye oppgåver får den nye kommunen?

Ei ny kommune overtek alle dei ordningar som dei gamle kommunene hadde. Nokon ordningar er etablert gjennom langsiktige kontrakter, eller det er ordningar som har varighet også inn i ny kommunestruktur. Dette blir viktige områder å rydde opp i, enten gjennom å halde fram med ordningane, avslutte samarbeid, fornye samarbeid eller etablere andre ordningar som er til beste for innbyggjarane og kommunen som heilskap.

Kva nye tenestområde som dei nye kommunene i Norge skal ivareta, er så langt ikkje avklart. Dette vil vi venteleg få vite i løpet av denne stortingsperioden og som ein del av kommunereformen.

12) Kva skjer med barnehagen min og skulen min, og dei andre kommunale tenestene?

Barnehage, skule og heimetenester t.d. vert definert som basistenester. Dei kommunale basistenestene vil framleis vere der innbyggjarane bur.